



Naturvernforbundet
Hordaland

Bergen og Hordaland Turlag



avdeling
Hordaland

Norges vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

(kop til saksbehandler Anne Karine Herland)

Jondal og Bergen, 26. mai 2025

Dette innspillet sendes på vegne av Bergen og Hordaland Turlag (DNT), BirdLife Norge avd. Hordaland, Naturvernforbundet Hordaland, og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland.

Søknad om auka slukeevne i Tveitelva kraftverk

Høringsfråsegn frå Forum for natur og friluftsliv Hordaland

FNF Hordaland går imot søknad om auka slukeevne i Tveitelva kraftverk, på bakgrunn av mellom anna følgjande punkt.

- Det er bygd om lag 70 småkraftverk på Folgefonnahalvøya dei siste 20 åra. Dette utgjer eit inngrep i elvenaturen og landskapet som berre kan karakteriserast som enormt. Det har kome, og er på veg, fleire søknader om auka kapasiteten til småkraftverk, enten ved auka slukeevna, ved å installera større aggregat eller ved regulering av vatn som ligg ovanfor inntaket. Talet på småkraftverk på halvøya og talet på elvar som er førde inn i røyr er så høgt at det er på høg tid å seia nei til auka mengde vatn som vert nytta til kraftproduksjon i småkraftverk her.

Dersom NVE seier ja til denne søknaden, kan det gje presedens for framtidige søknader. I alle høve vil auka fråføring av vatn legge stein til byrden i eit område som i sum er hardt råka.

Me ønsker også å nevne at Statsforvalteren i Vestfold og Telemark i sitt brev til alle kommunane i fylket, nyleg har presisert at «hensynet til samlet belastning vil være særlig viktig når påvirkningen på naturmangfoldet allerede er stor»¹.

¹ Brevet frå SFVT (datert 12. mai 2025) finn ein lenke til i denne nettsaka:

<https://www.statsforvalteren.no/nb/vestfold-og-telemark/plan-og-bygg/arealforvaltning/kunnskapsgrunnlag-om-naturmangfold-i-arealplanleggingen/>



- Fossen i Tveitelva var eit av dei viktigaste landskapselementa i Mauranger. Den var godt synleg frå store delar av Mauranger, og derfor den viktigaste fossen visuelt sett i Maurangerfjorden. Etter kraftverket er bygd, viser den delvis enno, men er sterkt redusert. Derfor er dagane med overløp særskild viktige, då kan fossen atter framstå tydeleg.
- Fossen si store betydning for landskapet var årsaka til at både (dåverande) Fylkesmannen, Bergen turlag og Kvinnherad turlag rådde frå konsesjon i 2006. I tillegg hadde Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad kommune fleire kritiske vurderingar i høve til kraftverket si negative påverknad på fossen og landskapet. Det var fossen sin verdi som gjorde at NVE kravde minstevassføring på 220 liter i sommarhalvåret, og ikkje 60 liter som Tveitelva kraft as føreslo i konsesjonssøknaden.
- Ingen undersøkingar og vurderingar er gjort for å visa kva auka slukeevne kan ha å seia for økosystemet i og ved elva. Me minnar óg om Fylkesmannen sin viktige opplysing i konsesjonsrunden om at konsekvensar for mose og lav ikkje var undersøkte.
- Kraftverket si påverknad på landskapet må óg vurderast ut frå at det ligg i nedre del av Flatabødalen. Bortsett frå det uheldige vedtaket om konsesjon til overføring av Kvanngrevatn til Statnett sitt kraftanlegg, er dalen elles heilt inngrepsfri. Det finst berre eitt dalføre til på Folgefonnshalvøya, Mosdal ved Åkrafjorden, som er inngrepsfritt frå heilt nede frå fjorden og opp til fjells. Heile dette dalføret er del av Folgefonna nasjonalpark. Derfor var vedtaket om nei til konsesjon til *Overføring av Reppaelva til Tveitelva kraftverk* i 2017 ei glede for oss og for landskapet her.

Lite av dette kom fram i konsesjonshandsaminga. Og like så i handsaminga av Statnett sin søknad om overføring av Kvanngrevatn. Det vart kun nemnt at det går ein gamal ferdselsveg opp dalen og vidare gjennom Glomsdal til Torsnes og Jondal. Dette er ein sti gjennom to dalfører med særskild variert natur der ein går 10 km i urørt natur. Dette er sjelden for halvøya, anna enn i Folgefonna nasjonalpark. I nordre delen møter ein først inngrep ved 300/400 m.o.h., og då i form av småkraftverk. Det er her viktig å vita at kor mykje eit område er nytta til friluftsliv, kan endra seg brått. Trolltunga og Bondhusdalen er klare eksempel på dette.

Det må óg nemnast at skulle Statnett få konsesjon til å endra traséen for 420 kV kraftlina lenger vest i fjellområdet (Samnanger–Sauda, no i meldingsfasen), vil delar av Flatabødalen verta del av eit endå større *Stort samanhengande naturområde med urørt preg*.

Det må óg nemnast at fråføringa av vatn frå Kvanngrevatn er del av vurderinga som no pågår i *Vilkårsrevisjonen for Maurangervassdraga*. Å tilbakeføra delar av vatn i elvane og sjå om det kan finnast elvar som kan takast ut av kraftanlegget er her krav og vurderingar som naturlegvis inngår i denne prosessen, særleg med bakgrunn i FN sin Naturavtale med mål om 30 prosent vern og 30 prosent tilbakeført natur innan 2030.

Alt dette tilseier at planar for auka produksjon i Tveitelva kraftverk må vurderast særskild strengt.

Til slutt vil me nemna at vegen frå fjorden til inntaket er særskild skjemmande. Dette vart teke opp av dei fleste partar som sende fråsegnar i konsesjonsrunden. Me veit at nedre delen av vegen vart gitt løyve til som landbruksveg. Men halvparten av øvre delen er óg svært tydeleg sett frå fjorden. Denne delen er truleg bygd på grunnlag av konsesjonssøknaden. Me oppmodar NVE om å syta for at det vert opparbeida vegetasjon langs denne delen av vegen, slik at den vert mindre skjemmande. Samtidig oppmodar me grunneigarane om å få på plass vegetasjon langs nedre delen av vegen, slik at

den ikkje vert så synleg sett frå landskapet omkring. Truleg kunne sandtaket og vorte mindre synleg ved at delar av det vart tilført jordmassar med grunnlag for vegetasjon. Dette er naturlege tiltak i FN sitt tiår for naturrestaurering.

Venleg helsing,

Bård Kråkevik

Styremedlem, Naturvernforbundet Hardanger

Naturvernforbundet Hordaland

Gunvar Mikkelsen

koordinator, FNF Hordaland

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftsansjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjessene. Per i dag er det tolv organisasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, BirdLife Norge avd. Hordaland, Haugesund Turistforening, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer organisasjonene rundt 54 000 medlemmer.

